

## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 01.03.2019
**Til:** Fylkesutvalet, 6. mars 2019**Frå:** Fylkesrådmannen

### Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg

Prosjektet «Kløften» er utvikla for å løyse magasinbehov for musea i fylket, og behov ved Sunnfjord Museum knytt til kontor/arbeidsplassar for tilsette, gi tilgang til betre formidlingsareal, utbetre tilgangen frå E39, og betre parkeringstilhøva. Det har vore søkt om statleg medfinansiering i to omgangar utan å oppnå dette.

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 56/18 der det i pkt. 10 er sagt følgjande:

10. Fylkestinget ber om å få utgreidd ei sak til fylkestinget i april om Kløften, og om korleis vi evt. på andre måtar kan løyse dei utfordringane som er knytt til administrasjonsbygg, med oppgradering av bygg, utstillingslokale og parkeringsareal ved Sunnfjord Museum. Vi vil også at museet sine planar for fellesmagasin, Ramstad, Kvernsteinsparken og vernebygg for Holvikjekta vert vurdert og synleggjort, slik at vi evt. kan justere desse i budsjett 2019. Fylkesutvalet følgjer opp dette vidare.

Som del av førebuinga av denne fylkestingssaka, har fylkeskommunen utfordra styret for Musea klårgjere om dei stiller seg bak ein fornøya søknad om statleg medfinansiering av «Kløften». Styret har i vedtak av 20.02.2019 (jf. vedlegg) m.a. gjort følgjande vedtak:

Kulturdepartementet har i brev 15.januar 2018 og 30.januar 2019 stadfesta at ei delt magasinløyising mellom «Kløften» og fellesmagasin i Angedalen (Ramstad) bør revurderast. Musea i Sogn og Fjordane meiner at å bygge om Ramstad Eskefabrikk til eit fullverdig magasin er den beste museumsfaglege og driftsøkonomisk mest rasjonelle løysinga. På museumsfagleg grunnlag kan ikkje Musea i Sogn og Fjordane støtte ei delt magasinløyising mellom «Kløften» og Ramstad. Styret ønskjer heller å få til eit samarbeid om oppgradering av kontor - og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum. Musea i Sogn og Fjordane stiller seg såleis ikkje bak ein fornøya søknad til staten om midlar til å realisere «Kløften».

I vårt eige fylkesbudsjett (2019) står det følgjande under «Vidare arbeid med fellesmagasin/«Kløften» (s.78) :

«... Det vert lagt til grunn at MiSF, Førde kommune og fylkeskommunen samarbeider om å fornye søknaden innan 1. mars 2019.»

Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn funne at det ikkje er grunnlag for å fornye søknaden til staten om økonomisk medverknad for å realisere «Kløften».

Det kan og nemnast at det i rådmannen i Førde sitt saksframlegg i høve revisjon av kommunen sin økonomiplan 2019 – 2022 står følgjande:

*«Rådmannen meiner framleis at Kløften er eit viktig prosjekt for å betre arbeidstilhøve, utstillingslokale og fellesmagasin for museet i Movika. Forslaget om å omdisponere midlar til symjebasseng i Førdehuset er ikkje eit avslag på løyving, men ei utsetjing av løyving til tidlegast 2023.»*

**Dette til fylkesutvalet si orientering. Fylkesrådmannen kjem som nemnd over tilbake til oppfølginga av FT sitt vedtak i sak 56/18, punkt 10.**